

# Audition

Innblick og refleksjon

---

Solveig Bergersen

Institusjonen for Opera:

Kandidatexamen

Arbetet motsvarar 3 högskolepoäng

Kandidatprogram Opera med inriktning sång

VT 2023

Handledare: Ulrika Tenstam

Examinator: Stina Ancker

STOCKHOLM | STOCKHOLMS  
UNIVERSITY | KONSTNÄRLIGA  
OF THE ARTS | HÖGSKOLA

## INNHALD

Innleiing.....	3
Logg.....	3
Intervjudel intro.....	5
Mathilda Sterby.....	6
Mari Eriksmoen.....	7
Michael Cavanagh.....	8
Refleksjon og oppsummering.....	9
Kjelder.....	10

## Audition

*Eit ord som vekker mange assosiasjoner. Denne heilt spesielle situasjonen er ein særskilt viktig del av mange utøvande kunstnarar sine liv. Kvifor har auditions noko med å starte det frilansande songlivet å gjera, og korleis skal me møte dei? Med personleg logg frå ein ganske fersk auditionerfaring og intervju av songar- og juryperspektiv skal eg gje eit innblikk i kva denne situasjonen inneber og reflektere rundt korleis me unge songarar kan gå inn i den med litt sikrere steg.*

### Logg

Rundt klokka 15 i starten av februar 2023 tikker det inn ein mail i innboksen. «Invitasjon til audition» seier emnebeskrivinga. Den er frå Maj-Berit i agenturet. Eit operahus i ein by eg aldri har høyrte om (kor i alle dagar er Würzburg?) søkjer sopran til solistensemblet sesongen 2023-24. Eg må svare raskt om datoane så dei kan gje beskjed vidare. Det snører seg litt i magen: den første datoen er allereie om ei veke. Den andre er eg bortreist og den tredje akkurat kome heim.

Kan eg dra direkte frå København til Tyskland med tog? Hjernen går inn i angstbefengt problemløsnings-mode. Vent litt, det er EIN dato som passer. 20. februar. Eg skulle helst seie meir enn ein, det ba dei om. Ringer sånglæraren min, Rob. Rob tykkjer eg kan foreslå den 20. Akkurat som om det er så lett! Eg har framleis litt panikk og skriver i mailen at eg HELST ABSOLUTT YNSKJER at det skal vera 20. men eg kan i aller nødigaste nødstilfelle kanskje få til 13. (med vaksne ord ein bruker i mail, såklart). Ber til alle moglege høgare makter om at det skal løyse seg, berre i tilfelle.

Neste morgon fortel mailinnboksen at mi tid er klokka 14:00 den 20. februar.

Klumpen i magen slepp og eg kjenner ei nesten positiv spenning og ei glede over moglegheiten.

Framover tenkjer eg masse på korleis eg må ta denne første auditionen som ei øving, ikkje noko anna. Samtidig så må eg tru eg fortener det, og det trur eg jo. Ikkje for høge forhåpningar. Øving. Men tru på likevel. Paradoks det der. «Du er definitivt god nok til å klare jobben og du fortener moglegheita. Men ikkje tru du bare kan få den og ikkje bli skuffa om du blir avvist».

Med strålende assistanse frå mindre engstelege datamenneske er urefunderbare billetter til Frankfurt boka i løpet av helga. Det var ikkje så vanskeleg, berre veldig dyrt.

Etter ei heller intens veke fekk eg ei forkjølelses-scene på fredag og har prøvd å slappe av så hardt eg kan i helga. Eg trur det har verka, ialfall er det ingen hals-vondt å spore og eg kjenner meg ikkje meir trøyt enn vanleg.

Sjølvsagt har prosessen med kva eg skal syngje allereie vore på gang i bakhovudet sidan mailen tikka inn, men råd må ein ha. På sangtime hadde eg nokre tankar og me jobba oss gjennom Da Tempeste, Susanna, Marquis og begge Zerlinas arier. Don Giovanni er nemleg ei av forestillingane dei skal setje

opp og det er ein fordel å visa det. Eg har sunge begge, og tydelegvis er dei gamle nok til at eg hugser teksten men ikkje til at eg har lært meg ein rar måte å syngje dei på, bonuspoeng!

Etter ei heller slunken veke songmessig var det deilig å kjenne på flyt og kampvilje igjen idag.

Dette må eg klare.

*Skrive på dagen 20.feb:*

Stod opp på hotellet i Frankfurt etter ei ok- natt, kjennes alltid litt som å sova på ein pose erter når ein skal noko viktig dagen etterpå. Ordna trynet, pakka i hop greier og vandra bort til sentralstasjonen.

Forsinka tog, men god nok margin til at det ikkje stressa meg noko særleg. Keisamt å vente. Evige refleksjoner over vald antrekk, men eg står for egne gullstripete bukser og platahæler.

Kjenner spenninga bygge seg litt opp på toget og høyrer gjennom alle ariene for inspirasjon. Ein form for forventning finns og, oppå nervene.

Framme i Würzburg fann eg ei pølse i brød og til slutt bussen til Teaterfabriken Blaue Halle. På bussen var det ca hundre(4) andre sopraner som skulle til same stad og same greie. Dei var hyggelige nok, eg prata ikkje så mykje. Eg trengte å beskytte egne nerver med å halde fokus på meg akkurat då. I Blaue Halle fekk alle utlevert eit oppvarmingsrum. Eigentleg meir eit avlukke utan tak i ein stor fabrikk-hall, så det var ikkje snakk om å varme opp skjerma frå dei andre ... Eg tok nokre forsiktige toner, hoppa rundt og strakk på meg i håp om å varme opp kroppen. Heldigvis fekk me øvingstid med pianist i hallen og eg sang gjennom alle fire ariene(brukte det som gratis oppvarming). Det kjendest bra. Tanken om at «nå kjem det til å gå dårleg etterpå fordi det gjekk bra å øve» var på lur ... Alt for lang tid å vente. Fordreiv tida med å tusle rundt i gangene, lese på skilt om fabriken og helse på operasjefen som gjekk forbi. Det som lett skjer når ventetida er lang, er at ein rekk å bli kald og stiv og trøyt igjen etter oppvarminga. Derfor kjenner eg at det er viktig med bevegelse OG distraksjoner. Var på do ein del gonger og, såklart.

Blei ropt opp av inspisienten, må fnise litt i skjegget av å bli kalt «Frau». Kom inn på scena og sa hei.

Begynte med Batti Batti fordi eg tenkte det var strategisk når dei skal gjera operaen. Snubla i nokre ord eg aldri før i heile mitt liv har snubla i, interessant. Dei valde Mein Herr Marquis etterpå, og det var eg glad for. Kjendest det ikkje heilt ok? Så spurte dei om eg held på å avslutte studier nå? Ja.

Ferdig i Stockholm snart, Oslo tidligere. «Har du mange engasjement på gang i tida som kjem?» Nei ikkje veldig, jobber jo på det, er jo ikkje så lenge sidan eg signerte med Nordic ...

Slengte inn eit «bare så de veit så held eg på å lære meg tysk altså hehe» på veg ut.

Allereie på veg ned trappa frå bak scena så slo ei kjenslebølge over meg: «var det heilt sjukt dårlig?» «aldri i verda om eg får det, det er jo så mange her som dei sikkert liker bedre» og ei overveldande lyst til å setje seg ned å grine litt. Eg analyserer det umiddelbart som ein energiutladning og stress som

har bygd seg opp til prestasjonsøyeblikket og så slepp alt og ein sit igjen forvirra og angstete. Utslitt og, naturlegvis. Det er i tillegg frustrerende å ha lagt så mykje tid, penger og prestisje i noko som er over så fort at ein nesten ikkje rekk å få med seg hjernen på vegen.

I (ganske lang) etterkant har eg fått eit hyggeleg avslag med tilbakemelding om at dei vil høyre meg igjen seinare, så eg har kjent meg tilfreds med det, sjølv om det ikkje blei jobb akkurat nå.

### **Intervjudel**

Denne oppgåva ville eg umiddelbart basera på menneskemøte og intervju. Folk som står i dette; såklart meg sjølv, songarkollegaer og ideelt sett nokon av dei som bedømmer oss? I tillegg til meg er det interessant å ha med minst to songarar, helst på ulike plasser karrieremessig. Til mi store glede takka mine to første kandidater ja. Matilda Sterby har på kort tid ute i bransjen gjort seg bemerkta og er ei dronning både på scenen og på å dra på auditions. Mari Eriksmoen er eit av mine store norske sopran-forbilder og ein fantastisk dyktig og erfaren songar som har ein lang karriere å vera stolt av. Etter gode opplevelser med min praksis på Kungliga Operan var eg meir nysgjerrig på menneska som jobbar der, og då operasjef Michael Cavanagh takka ja til å bli intervjua fekk eg til slutt mitt juy-iske perspektiv i boks.

### **Til songarane:**

1. *Kva er dine første tre assosiasjoner til ordet «audition»?*
2. *Korleis er ditt forhold til auditionsituasjonen idag, og har den endra seg frå du starta din karriere/begynte å dra på auditions?*
3. *Kva er dei viktigaste tinga du gjer for å førebu deg til auditions?*
4. *Kva er eit/eit par tips du vil gje til songarar som er ferske i bransjen og i auditionsituasjonen?*

### **Til bakom bordet:**

1. *Kva er dine første tre assosiasjoner til ordet «audition»?*
2. *Kva er din generelle innstilling til auditionsituasjonen?*
3. *Kva er dei viktigaste tinga du ser/høyrer etter hos ein sanger som gjer audition?*
4. *Kva er eit/eit par viktige tips du vil gje til songarar som er ferske i bransjen og i auditionsituasjonen?*

## **Mathilda<sup>1</sup>**

*Kva er dine første tre assosiasjoner til ordet «audition»?*

Fokus, presentation och möjlighet.

*Korleis er ditt forhold til auditionsituasjonen idag, og har den endra seg frå du starta din karriere/begynte å dra på auditions?*

Idag har jeg en positiv relation/ innstilling til auditions. Den har endret seg på så vis at jeg idag ikke ser hver audition som ett avgjørende øyeblikk i min karriere. Jeg ser det som en mulighet å presentere meg selv og reflektere etteråt over min opplevelse og prestasjon. Som en kalle til utvikling av meg selv som sanger og å lære å kjenne meg selv bedre for å få en klarere bilde av hvem jeg er og hva jeg vil presentere. Kort sagt er jeg ikke redd for auditions lenger, det var jeg før. Jeg ser det som noe spennende og positivt. Noe jeg gjør for meg selv.

Jeg har lært meg at man ikke må sjunge hver tone/ frase perfekt. Når jeg var yngre tenkte jeg liksom at det var over om jeg sjong en dårlig frase i begynnelsen, tappet ord nåntans eller liknende. Det er aldri perfekt. Numera, om jeg sjunger en dårlig tone så tenker jeg bare at jeg må sjunge neste dobbelt så bra. Så lenge jeg lykkes prestere flere bra toner/ partier enn dårlige så er jeg fornøyd, og oftest rækker det. Juryn på en audition er liksom mer interessert av det man gjør bra enn de misstag som kan råde inntraffa. Når det ändå iblant går helt åt skogen så er jeg mer forlåtende mot meg selv. Man er ikke mer enn menneske. En audition er en sjans som føljes av mange flere.

*Kva er dei viktigaste tinga du gjer for å førebu deg til auditions?*

Først og fremst veljer jeg bare å gjøre de auditions som jeg tror at jeg kan få noe ut av. Først gikk jeg på alle, även de som jeg visste at jeg ikke skulle få eller kanskje ens ville få noe ut av. Nu veljer jeg nøye så at de auditions jeg gjør kommer ut ett medvetet beslut: det här jobbet vill jeg ha, det här jobbet har jeg god sjans å få, på den här teatern vill jeg jobba i framtiden og även om jeg ikke är där än så vill jeg sjunga nu for å ge ett første inntrykk og bade for framtiden. Når jeg beslutet å gjøre en spesifikk audition så gjør jeg tydelig for meg selv hvilken av ovanstående anledning som passer in så at jeg vet hva jeg forventar meg å få ut av min audition. Mitt mål å sikte mot.

Nummer två är at jeg veljer repertoar. Ofta samma trygge bitar som jeg vet at jeg gjør bra, men kanskje viktigere; som jeg vet at jeg elsker å sjunge og derfor kommer hjelpe meg å vise hvem jeg är som person og artist. Jeg undersøker också hva for typ av musikk jeg prøvsjunger på og hur de tenker, hva de ev kan vara interessert av å høre. Tycker om å velje repertoar som jeg gjort mycket, helst på scenen i en produksjon så jeg vet at jeg är trygg og har marginal om noe skulle hända. Jeg bokar reise så jeg har allt praktisk klart og ikke behøver oroa meg for det. Om jeg reser langt åker jeg dagen innan og sover over, på ett hotell nära teatern. Igen for å minimere stress utifrån som tar

---

<sup>1</sup> Sterby, Mathilda; frilansande sanger. 2023. Intervju via Messenger 02 april

fokus från audition. Kollar också alltid en bra bit innan vad jag kommer ha för uppvärmningsmuligheter och ev rep med pianist. Så jag vet.

Sen prövar jag ut olika scenarier av repertoarordning som kan uppstå på audition. Väljer vilken jag vill börja med och tänker: om jag väljer aria x, så vill de säkert höra aria y sen. Om jag väljer aria y, väljer de nog aria z. Känner efter hur det känns och provar olika alternativ.

Jag tar med rena tejpade noter på de arior jag meddelat att jag har på min lista och sen plockar jag alltid med mig två-tre extra arior som inte står på listan, bara utifall.

Ibland bokar jag en instudering innan med pianist för att sjunga igenom repertoaren.

När jag sen reser så rensar jag mitt schema så jag inte behöver göra något speciellt före eller efter audition. Fullt fokus liksom. Och sen alltid massa vatten och power-bar i ryggan.

*Kva er eit/eit par tips du vil gje til songarar som er ferske i bransjen og i auditionsituasjonen?*

Välj din audition. Bestäm/ finn ut innan varför du provsjunger så att du har ett tydligt mål och rimliga förväntningar på utgången. Minimera stress runtomkring. Välj repertoar som du älskar att sjunga hellre än nåt du "borde" sjunga. Njut av möjligheten av att få stå på en scen och presentera vem du är, dina styrkor och personlighet som artist. Kom ihåg att du gör audition för din egen skull.

Ibland har folk väldigt mycket åsikter i feedback efter auditions, ta bara till dig det som du kan utvecklas av.

## **Mari<sup>2</sup>**

*Kva er dine første tre assosiasjoner til ordet «audition»?*

Prestere, nerver, frykt

*Korleis er ditt forhold til auditionsituasjonen idag, og har den endra seg frå du starta din karriere/begynte å dra på auditions?*

Nå er det mange år siden jeg var på audition sist. Heldigvis er auditions noe vi bare må gjennom noen få år i etableringsfasen. Det hender man fortsatt må på audition når man har vært i bransjen en stund, men da er det som oftest til en spesifikk rolle eller for en dirigent som ikke har hørt deg før, og som regel er det mer en working session hvor de jobber litt med deg og det er mindre skummelt enn situasjonen hvor du kommer inn og stiller deg på et kryss foran noen få og skal synge en selvvalgt arie. Jeg dro på veldig mange auditions i starten av min karriere, de aller fleste sånne generelle auditions fører ikke til noe som helst. Samlebånd-auditions som jeg kaller det. Men du får trening i å synge i den ubehagelige situasjonen og plutselig treffer du og får en mulighet. Du må bare kaste deg ut i det. Jeg meldte meg også på konkurranser. Da jeg var i begynnelsen av 20-årene hadde jeg utrolig liten selvtillit når det gjaldt sangen. Jeg hadde fått masse avslag og varierende tilbakemelding fra blant

---

<sup>2</sup> Eriksmoen, Mari; frilansande songar. 2023. Intervju via Messenger 11 april

annet noen av lærerne på Musikkhøgskolen. Jeg kom inn på venteliste andre gang jeg søkte og følte meg ikke god nok. Det kostet enormt, men det snudde da jeg brukte skuespill til å slippe meg mer løs når jeg sang. Det var en periode med litt over the top fremførelser, fordi jeg ikke klarte å stå rett opp og ned og synge, men det hjalp meg til å kose meg mer på scenen. Så jeg meldte meg på Ungdommens Sangmesterskap, brukte komedie og valgte arier jeg hadde det gøy med. Da jeg vant, snudde den dårlige selvtilliten. Jeg søkte tre ganger på Operaakademiet i København før jeg til slutt kom inn. Hvis jeg skal synge for en ny dirigent eller operahus idag, er det som oftest til en spesifikk rolle og nå kjenner jeg meg og min egen stemme bedre og er mer erfaren, så det er annerledes enn det var i starten. Samtidig er det noen ganger skummelt å synge for en dirigent for første gang hvis du føler de har en forventning om hva du kan prestere. Du vil ikke skuffe. Som sagt er det mange år siden jeg var på audition, men jeg blir fortsatt veldig nervøs når jeg skal treffe en dirigent som ikke kjenner meg, eller skal synge nytt repertoar.

*Kva er dei viktigaste tinga du gjer for å førebu deg til auditions?*

Det viktigste du kan gjøre, er å velge repertoar som viser hvem du er og hva du passer til å synge akkurat nå. Ikke velge repertoar som ligger frem i tid, men tenke at de som hører på ikke har så god fantasi, så de vil høre hva de kan caste deg til akkurat nå! Tenk typecasting og hva som er midt i blinken for deg. Ikke ha repertoar som spriker for mye i alle retninger. Forbered deg godt og syng gjennom repertoaret så mye som mulig for et publikum, jobb med det sammen med lærer/coacht. Ta opp deg selv og lytt. Jobb grundig med dine «svakheter» og få opp bunnivået så du presterer jevnere. Ikke tenk at du skal «peake» hver audition, men prestere på et jevnt nivå!

*Kva er eit/eit par tips du vil gje til songarar som er ferske i bransjen og i auditionsituasjonen?*

Mine tips er å kaste seg ut i det og få mest mulig erfaring. Melde seg på masterclass, sommerkurs, konkurranser og ha repertoar som viser hvem du er. Ikke tenk at en audition er så viktig. Jeg har vært på haugevis. Ikke gå og gnag hvis du ikke hører noe. Vær tilstede på audition, vær i karakteren og fokuser på formidlingen selv om situasjonen er kunstig. Vær tidlig ute med å prøve å skaffe en agent.

### **Michael<sup>3</sup>**

*Kva er dine første tre assosiasjoner til ordet «audition»?*

The first is opportunity to hear new voices, and to see what the singer has to offer dramatically, not just the singing. My second association is responsibility.

I feel responsible for those who come on stage, I want to make the singer feel comfortable and have a positive experience. I want them to understand that they will feel supported and hopefully receive some feedback at the end of it. The third one would be hope. I do wish people the best;

---

<sup>3</sup> Cavanagh, Michael; Operasjef på Kungliga Operan i Stockholm. 2023. Intervju via zoom 13 april



and really hope they have something to offer ...

*Kva er din generelle innstilling til auditionsituasjonen?*

I want them to be good. I want to be supportive. People are helped to do their best work. This is a place of growth and development, not a place where you go to show what you already have. It is a place to realize your potential and help the individual get better, to develop together.

*Kva er dei viktigaste tinga du ser/høyrer etter hjå ein songar som gjer audition?*

Body language, and a sense of confidence. Authenticity, not putting on a show. They are present in the room, and sure of who they are and what they have to offer. A trap that all singers fall into they play a character for everyone, to be other peoples «truth» about who you should be, instead of playing off your own true self.

*Kva er eit/eit par viktige tips du vil gje til songarar som er ferske i bransjen og i auditionsituasjonen?*

It does not matter what your portrayal and opinion in a song and character is, as long as you have one. Have an opinion, a point of view, something to say (and of course you have to have a voice). The audition begins when you first walk on stage, and ends when you leave. Everything matters. I am learning something about you when we are chatting, when you introduce yourself, the way you deal with your pianist, the way you walk and talk etc. Dont *assume* anything going into the audition. You should not assume what you should wear, what you should sing. It is so easy to search the web or ask someone to figure out what their opinion and taste is. Be authentic; just be awesome ...

### **Refleksjon og oppsummering**

Alle tre songarar (vel å inkludere meg sjølv) har på ulike måter beskrevet stress. Ein ekstremt spesiell og pressa situasjon. Eg hugser kjenslene godt, og sjølv om Mari ikkje har gjort ein audition på mange år så er hennar første assosiasjonar prestasjon, nerver og frykt. Auditions vert snakka mykje om i songarmiljøa, og tonen rundt temaet er ofte spent. Det blir forbunde med mykje stress, skuffelse og eit nødvendig onde. Dei som sit i jurys er ein egen rase som har rett til å bestemme kven som skal leve og dø (få jobb eller ikkje få jobb). Eg beit meg merke i at Mathilda svarte “moglegheit” som ein av sine assosiasjonar. Det vekte tankar: er det sånn at me svartmåler auditions når me pratar om dei i kvardagen? Kva skjer om fokuset vert flytta til mogleghetsdelen? Spør du psykologen om eit problem blir mindre om ein endrar korleis ein snakker om det, vil dei svare at det er ein flott måte å hanskast med vanlege menneskelege problem. Til dømes å endra måten ein snakkar til seg sjølv i spegelen for å styrka sjølvbildet og bli bevisst negativ indre dialog. Ein audition er ein tøff situasjon med mykje press, det kjem ein ikkje bort frå. Det er i tillegg din sjans til å vise fram litt av kven du er og kva du kan, og på den måten er me heldige. Både Mari og Mathilda råder unge songarar til å ikkje tenkje at

det er all verda om det går dårlig, og det trur eg er veldig viktig. Samstundes er det viktig å bry seg, likegyldigheit fører ikkje til glitrande framføringar. Veldig tosidog.

Tilbake til stresset så er det mange måtar ein kan minimera det på: eg boka sjølv ei overnatting i Tyskland for å sleppe å reise same dag, og Mathilda nevner tømning av skjema for å fokusere fullt på oppgåva. Såklart vil det variere kor mykje ein kan legge til rette, og av og til er alt på minussida.

Kansje det er då me kan ta tankane rundt til hjelp: skap eit sunt, nøkternt forhold til oppgåva som skal utførast. Den er viktig, men du dør heller ikkje om det går dårleg. Fokusere på det som er kjekt og vis kva du kan. Velg det beste repertoaret der du er akkurat nå, kvart nytt tilfelle skal vurderast.

Her glir Michael sitt perspektiv rett inn; han uttaler eit genuint ynskje om at alle helst skal lykkast.

Han vil at songaren skal vera bra og har lyst til å skapa eit inviterande og trygt miljø for oss så me til gjengjeld kan skapa kunst for han. Michael Cavanagh åleine kan ikkje garantera for at alle som høyrer den 20. versjonen av Mein Herr Marquis på ein dag har same gledelege innstilling, men tanken om at dei *kansje* har den kan hjelpa ein nervøs songar på vegen til å slappa av. Eit av dei tipsa som festa seg var for meg «don't assume anything». Det tjener meg ingenting å gå inn i alle moglege scenario av kva juryen tenkjer om meg, kva dei har bestemt seg for å sjå etter på forhånd eller om dei er trøytte/vakne. Med å frigjera meg frå det eg trur dei vil høyre og gå inn i kva eg vil presentere- kva eg er best på- vert fokuset flytta frå det negative til moglegheitane. Eg vil oppsummere og runde av med Mathilda sine viktige ord: «En audition är en chans som följs av många fler».

## Kjelder

**Bergersen, Solveig**; student ved Stockholms University of the Arts. 2023. Personleg logg i forbindelse med auditionreise og påfølgande audition i Tyskland den 20. Februar

**Sterby, Mathilda**; frilansande songar. 2023. Intervju via Messenger 02. April

**Eriksmoen, Mari**; frilansande songar. 2023. Intervju via Messenger 11. April

**Cavanagh, Michael**; Operasjef ve Kungliga Operan i Stockholm. 2023. Intervju via Zoom 13. April